



Hjartdal kommune  
Saulandsvegen 414  
3692 SAULAND

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Pernille Bechmann, 33372310

## Mellombels løyve til redusert reinsing ved ombygging av Russmarken reinseanlegg – Hjartdal kommune

Vi viser til e-post datert 02.07.2021 med søknad om mellombels utsleppsløyve for Russmarken RA i Hjartdal kommune og oppdatert søknad datert 12.07.2021.

---

**Med heimel i forureiningsforskrifta § 14-6, jf. forureiningslova § 11, gir Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark Hjartdal kommune mellombels løyve til redusert reinseeffekt ved Russmarken reinseanlegg.**

**Mellombels løyve har ei ramme på 1750 pe (BOF<sub>5</sub>) i maksveke. Kravet til reinseeffekt er 80 % for fosfor, 60 % for BOF<sub>5</sub> og 65 % for KOF gyldig frå dags dato til 31.12.2023.**

**Statsforvaltaren stiller krav om overvaking av resipient og årleg rapportering av resultat. Program for overvaking må sendast Statsforvaltaren innan 01.12.2021.**

**Vilkår for mellombels løyve er vedlagt. Dei andre vilkåra i løyve gitt 07.05.2010 og endra 01.03.2011 er framleis gjeldande.**

**Vedtaket kan klagast på innan tre veker.**

---

### Bakgrunn for saka

Russmarken reinseanlegg er i dag tilkopla ca. 1 200 pe. Reinseanlegget har løyve datert 01.03.2011 med utsleppsramme på 9 700 pe med bakgrunn i planlagt tilkopling. Statsforvaltaren er forureiningsstyresmakt for reinseanlegget.

I rapporten «Gjennomgang av Russmarken reinseanlegg før kommunal overtakelse 1. januar 2020» (06.09.2019) konkluderer Sweco Norge AS med at det er mest berekraftig økonomisk og arbeidsmiljømessig å erstatte eksisterande reinseanlegg med eit nytt anlegg for å tilfredsstille krava i forureiningsforskrifta og arbeidsmiljølova.

Russmarken reinseanlegg oppfyller i dag ikkje krava i forureiningsforskrifta § 14-2. Reinseanlegget er i tillegg utforma på ei måte som gjer at det ikkje er mogleg å tilfredsstille krav om akkreditert prøvetaking, jf. forureiningsforskrifta § 14-11.



Tidleg i 2021 ble det i tillegg problem med overrislinga til biofiltrene på grunn av frost. Kommunen bestemte seg for å frakte avløpsvatnet med tankbil til Ramsflog reinseanlegg i Notodden kommune i påska, som er høgsesong for hyttene knyta til anlegget. Før kommunen overtok drifta av anlegget i midten av april gjennomførte Russmarken VA diverse vedlikehald av anlegget, som nå er i normal drift.

Kommunen har satt i gang ein prosess for å bygge nytt reinseanlegg. Fram til nytt reinseanlegg er klart vil kommunen nytte eit mellombels biologisk reinseanlegg.

### **Søknaden**

Reinseeffekten ved det mellombelse anlegget er usikker. Kommunen søker derfor om å få redusert reinsekrav fram til nytt permanent reinseanlegg er ferdig. Forventa reinseeffekt for det mellombelse anlegget er 80 – 95 % for fosfor og 60 – 70 % for BOF<sub>5</sub>. Kommunen søker om løyve til 80 % reinseeffekt for fosfor, 60 % reinseeffekt for BOF<sub>5</sub> og 65 % reinseeffekt for KOF.

Det mellombelse anlegget vil ikkje ha akkreditert prøvetaking, men det vil bli tatt representative prøver av innløp og utløp.

Russmarken RA mottok avløpsvatn frå ca. 400 hytter, eit høg fjellshotell og ein heilårsbustad. Fram til nytt reinseanlegg er ferdig ønskjer kommunen moglegheit for å kople til ytterlegare maksimalt 200 hytter. Det er berekna totalt 1 749 pe i maksveke ved full tilkopling.

Med maksimal tilkopling og reinseeffekten det er søkt om er det berekna utslepp av 32 kg fosfor og 2 105 kg BOF<sub>5</sub> per år. I løyvet for reinseanlegget gitt 07.05.2010 og endra 01.03.2011 er ramma for utslepp 9 700 pe i maksveke tilsvarande om lag 1 900 fritidsbustader. Basert på reinsekrava i løyvet og elles same forutsetningar som over er det berekna årleg utslepp på 44 kg fosfor og 4 387 kg BOF<sub>5</sub>.

Resipient for reinseanlegget vil være dagens infiltrasjonsanlegg og vidare til elva Gjuva. Det er foreslått å ta to vassprøver årleg oppstrøms og nedstrøms tilførsel frå infiltrasjon.

Kommunen oppgjer at mellombels anlegg vil være i drift frå veke 50, før juleferien da mange bruker hyttene i området.

### **Offentleg kunngjering og høyring**

Utsleppet som følger av den reduserte reinseeffekten kommunen søker om er mindre enn rammene i løyvet kommunen har gjer moglegheit for. Statsforvaltaren Vestfold og Telemark vurderer at redusert reinsing i perioden fram til nytt reinseanlegg er klart i 2024 ikkje vil bidra til økt belastning i resipienten og har derfor unntatt saken offentlig førehandsvarsel, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b. Statsforvaltaren har sendt utkast til vedtak til vassområde Midtre Telemark for kommentar.

Vassområde Midtre Telemark har ikkje sendt kommentarar til utkastet.

### **Statsforvaltarens vurdering**

Statsforvaltaren kan med heimel i forureiningsforskrifta § 14-6 i særlege tilfelle gjere mellombelse unntak frå reinsekrava i forkant av større ombyggingar på avløpsanlegget.



Når forureiningsstyresmakta skal avgjere om man skal gi løyve eller ikkje, skal det leggst vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanhaldt med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11.

Vurderingsgrunnlaget skal supplerast av krava i vassforskrifta §§ 4 til 6 og naturmangfaldlova § 7 om at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggst til grunn ved skjønnsutøving etter forureiningslova. Eventuelle negative konsekvensar for miljøet og naturverdiane skal vurderast opp mot den samfunnsnyttige fordelan av tiltaket.

Resipient etter infiltrasjon er ein bekk som renner vidare til elva Gjuva (vassførekomst ID: 016-1815-R). Bekken er del av Gjuva bekkfelt (vassførekomst ID: 016-1816-R). Begge vassførekomstane er registrert med god økologisk tilstand (lav presisjon) og kjemisk tilstand er ikkje definert (vann-nett.no). Gjuva drenerer vidare ut i Bjårvatnet (vassførekomst ID: 016-12777-L) som er registrert som sterkt modifisert vassførekomst grunna vassføringsendring frå vasskraft. Vassførekomsten er registrert med moderat økologisk potensial (middels presisjon) og kjemisk tilstand er ikkje definert (vann-nett.no). Total nitrogen og total fosfor ble undersøkt i 2013, da var konsentrasjon tilsvarande «god tilstand»

Mellombels reinseanlegg vil bli plassert på same område som eksisterande reinseanlegg og eksisterande område for infiltrasjon vil bli nytta. Det er ikkje registrert viktige naturtypar, verneområde eller arter av nasjonal forvaltningsinteresse i området for reinseanlegg eller for infiltrasjon.

Utsleppet det er søkt om vil være større enn ved dagens reinsekraft, men lågare enn ramma for dagens løyve. Reinsa avløpsvatn vil bli sluppen ut i infiltrasjonsanlegg. Infiltrasjonsanlegget er ikkje vurdert som ein del av reinseløysinga. Det er derfor ikkje stilt tekniske krav til infiltrasjonsanlegget. Utslepp i infiltrasjonsanlegget medfører likevel ytterlegare reinsing før vatnet går til overflatevatn i bekk eller elv. Tilstanden i resipient er ikkje dokumentert sida 2006. Etter Statsforvaltarens vurdering oppfyller kunnskapsgrunnlaget likevel de krav som stillast i naturmangfaldlova § 8 for å kunne ta avgjerd i saka.

Etter vår vurdering vil tiltaket og utsleppet det er søkt om ikkje innverke på naturmangfaldet i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8. Det er derfor ikkje føretatt vurdering av §§ 9 til 12.

Med dei vilkår som følger av dette løyvet, meiner Statsforvaltaren at utsleppet frå Russmarken reinseanlegg ikkje vil bidra til å redusere den økologiske eller den kjemiske tilstanden i Gjuva bekkfelt eller vassførekomstane nedstraums.

Forslaget til overvaking som er gitt i søknad om mellombels løyve er ikkje tilstrekkeleg omfattande. Det er stilt krav om overvaking av resipient etter vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking, jf. § 18 og vedlegg V punkt 1.3.

Statsforvaltaren forventar at reinseanlegget blir dimensjonert, bygd, drifta og haldt ved like av fagkyndige slik at det har tilstrekkeleg yteevne. Kommunen skal drifte anlegget for å redusere utsleppa så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader. Overløpsutslepp skal ikkje medføre forsøpling.



## Konklusjon og vedtak

**Med heimel i forureiningsforskrifta § 14-6, jf. forureiningslova § 11, gir Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark Hjørtedal kommune mellombels løyve til redusert reinseeffekt ved Russmarken reinseanlegg.**

**Mellombels løyve har ei ramme på 1750 pe (BOF<sub>5</sub>) i maksveke. Kravet til reinseeffekt er 80 % for fosfor, 60 % for BOF<sub>5</sub> og 65 % for KOF gyldig frå dags dato til 31.12.2023.**

**Statsforvaltaren stiller krav om overvaking av resipient og årleg rapportering av resultat. Program for overvaking må sendast Statsforvaltaren innan 01.12.2021.**

**Vilkår for mellombels løyve er vedlagt. Dei andre vilkåra i løyve gitt 07.05.2010 og endra 01.03.2011 er framleis gjeldande.**

## Klagerett

Kommunen og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket **innan tre veker** frå melding om vedtaket er motteke. Ein eventuell klage skal angi kva de klagar på og kva de ønskjer å endre. Klagen bør innehalde ei grunngjeving og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Med helsing

Siv Hege Wang Grøvo (e.f.)  
fagsjef

Pernille Bechmann  
rådgjever

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Vedlegg:

- 1 Vilkår - Mellombels løyve etter forureiningslova for Hjørtedal kommune til redusert reinsing ved ombygging av Russmarken reinseanlegg
- 2 Endra utsleppsløyve etter forureiningslova for kommunalt avløpsvatn, Kovstulheia - Russmarken reinsedistrikt, Hjørtedal kommune. 01.03.2011

Kopi til:  
Vassområde Midtre Telemark